



Nynorskens første offisielle rettskriving: 1893 eller 1901?

Lars S. Vikør

Professor emeritus, UiO

Denne artikkelen fører vidare eit ordskiye om spørsmålet tittelen antydar. Sverre Stausland Johnsen kritiserer tidlegare språkhistorikarar for å presentere nynorskrettskrivinga av 1901 som den første offisielle rettskrivinga for nynorsk. Han meiner at eit departementalt skriv frå 1893, som slår fast at Aasens grammatikk skal leggest til grunn for undervisninga i landsmål i skolen, impliserer at Aasens nynorsknorm var den første «riksstyregodkjende», og dermed offisielle, norma for nynorsk. Eg argumenterer for at dette er å «overtolke» dette skrivet, og at 1901-rettskrivinga var den første reelt fungerande skolerettskrivinga for nynorsk. I tillegg handlar ordskiftet mellom oss om ulike tolkingar av innhaldet i rettskrivingsvedtaka frå 1901.

Nøkkelord: rettskriving, nynorsk, språkhistorie, 1901-normalen, midlandsnormalen

1 Innleiing

I NLT hefte 1-2023 har Sverre Stausland Johnsen nokre kritiske kommentarar til min kritikk (Vikør, 2021) av hans to tidlegare artiklar om bakgrunnen for og innhaldet av nynorskrettskrivinga frå 1901 (Johnsen, 2020 og 2021 – her omtalt som SSJ 1 vs. SSJ 2 slik forfattaren sjølv gjer det i den nye artikkelen, som eg her kallar SSJ 3). Eg rekapitulerer kort dei emna det dreiar seg om.¹

SSJ 1 er ein gjennomgang og ei tilbakevising av fem påstandar om denne rettskrivinga i tidlegare språkhistorier. Eg gjennomgår kritikken hans, som dels

1. Eg takkar Klaus Johan Myrvoll for nyttige kommentarar til ein del detaljar i teksta.

og råkar ting eg har skrive, og gir han heilt eller delvis rett på fleire punkt. På eitt punkt meiner eg at han ikkje overtyder, det er når han viser til departementsrundskrivet frå 1893 der Aasens grammatikk blir nemnt som normkjelde for nynorsk i skolen, og ut frå det hevdar at nynorsk hadde ei offisiell rettskriving allereie frå 1893, slik at det ikkje var naudsynt å sette ned ei ny nemnd i 1898.

På eit anna punkt er eg samd med SSJ, men modifiserer konklusjonen hans. Det gjeld statusen til den såkalla «midlandsnormalen» frå 1901 av. Vi er einige om at den ikkje var ein del av den offisielle rettskrivinga (som i tradisjonen har fått namnet «Hægstad-normalen»), heller ikkje som «sideform», slik fleire språkhistorier, også av meg, har hevda. Men eg meiner å ha sett teikn på at det var mindre klart for dei samtidige aktørane, ikkje minst fordi departementet ikkje uttrykte seg særleg eksplisitt om den saka i vedtaket sitt, og at dei seinare mistydingane kan ha røter tilbake til samtida.

SSJ 2 er ein omtale av det språkpolitiske innhaldet i 1901-rettskrivinga, som SSJ kallar den «fyrsta samnorskumboti». Han gir ei etter mitt syn for bastant og einsidig framstilling av den omfattande tilrådinga frå rettskrivingsnemnda og det resultatet som viste seg i Matias Skards landsmålsordliste frå 1901, som departementet peika ut til normkjelde for den reformerte rettskrivinga. Eg har i artikkelen min (Vikør, 2021, s. 307–316) ein til dels detaljert gjennomgang av ein del punkt i denne tilrådinga og er ganske kritisk til SSJ sin omtale av den – som etter mitt syn baserer seg altfor einsidig på den seinare utviklinga av nynorsknormalen og underspelar den samtidssituasjonen nemnda stod i under dette arbeidet. SSJ 3 går ikkje i særleg grad inn på dette, bortsett frå å markere at han meiner seg mistydd i sine intensjonar, og at eg har mistydd særleg eitt punkt, behandlinga av preposisjons- og adverb-komplekset *for vs. fyre*.

Eg skal i det følgjande ta for meg desse punkta.

2 1893

SSJ kritiserer meg for å bygge einsidig på sekundærkjelder når eg refererer til departementets rundskriv om skolemålet i 1893. Denne kritikken må eg berre ta til meg; eg baserte meg på utdrag frå rundskrivet i biografien om Marius Hægstad (Venås, 1992, s. 290), og dei var ikkje presise. Eg tolkar framleis dette skrivet annleis enn SSJ, men eg meiner at det no er tida til å trykke heile rundskrivet in extenso, slik at også lesarane kan ta stilling til kva tolking som er den mest plausible. Det kjem her (datert 28. juli 1893):

Skrivelse fra Kirkedepartementet til Skoledirektøren i Bergens Stift, hvori Departementet i Anledning af tvende Forespørgsler fra et Skolestyre udtaler følgende:

Med Hensyn til *Spørgsmaalet om, «hvilken Sprogform der skal forstaaes ved det nu af Skoleloven paabudne «Landsmaal»,* kan man, foruden til Loven selv, henvise til de Forhandlinger i Odelstinget, som gik forud for Lovens Vedtagelse. Efter Loven (af 6te Juli 1892) bestemmer Skolestyret, om Skolens Læse- og Lærebøger skal være affattede på Landsmaal eller i det almindelige Bogmaal, og i hvilket af disse Maal Elevernes skriftlige Arbejder i Almindelighed skal affattes. Dog skal Eleverne lære at læse *begge Maal*. Loven stiller altsaa to Maal overfor hinanden: det almindelige Bogmaal og Landsmaalet, og af Forhandlingerne på Thinget fremgaar, at der ved det siste tænkes paa det Aasenske Landsmaal og den på Grundlag af dette udviklede Landsmaalsform. Det blev vistnok af en af dem, som talte for Loven, indrømmet, at Undervisning i skriftlig Brug af Landsmaalet endnu kunde volde Vanskeligheder, fordi «det er svævende i sin Form», men i Modsætning hertil fremholdt en af Hovedtalsmændene for Loven, at Enheden i Landsmaalet var saa aldeles bestemt tilstede, at der ingen Ting var i Veien for at lægge det som Grundlag for Undervisningen i vore Skoler, og i Forbindelse hermed udtalte han videre, «at Ivar Aasens store Verk er det, at han har formaaet at finde en Form, hvori enhver norsk Dialekt kan skrives.»

Som «sproglig mønstergyldig Literatur i Landsmaal» kan blandt de mange Skrifter, som er udkomne paa Landsmaalet, til exempel nævnes de Dele af Bibelen som er oversatte paa Landsmaal, samt «Nokre salmar», Kr.a. 1883, Garborg og Mortensens «Lesebok i det norske folkemaal for høgre skoler» samt Nordahl-Rolfsens «Læsebog for folkeskolen (landsmaalsudgave)».

Landsmaalet er leksikalsk og grammatisk behandlet af Ivar Aasen selv, som særlig i 2den Udgave af sin Grammatik, s. 357-388 giver Veiledning til den korrekte Sprogbehandling af dette Maal. En kort Fremstilling af Grammatiken har man i Hægstads Maallæra, Namsos, 1879.

Med Hensyn til det i Skolestyrets Skrivelse af 28de Januar d. A. fremsatte Spørgsmaal *om Erklæring fra Kredsene skal indhentes* «ogsaa for det Tilfælde, at man søger at indskrænke sig til det af Loven krævede Minimum af 'Landsmaal' i Skolen», kan man henvise til Lovens Bestemmelse herom. Til den for begge Folkeskolelove fælles Bestemmelse om, at Skolestyret afgjør, hvilket Skolens Undervisningssprog skal være, er der i Landsskoleloven føiet den Bestemmelse, at «inden Skolestyret fatter sin Beslutning, skal Overtilsynet og derefter Kredens Erklæring være indhentet».

Dette er altså eit svar på to ulike spørsmål som hadde komme frå skoledirektøren i Bergens stift, der det første gjaldt kva språkform som skulle leggest til grunn for undervisninga. Det var gitt i ein situasjon da det ikkje eksisterte noka anna normering av landsmålet enn den Ivar Aasen hadde gitt i *Norsk Grammatik* (1864) og *Norsk Ordbog med dansk Forklaring* (1873). Så fanst det nokre freistnader på landsmålsvariantar bygd på andre talemålsgrunnlag, som Olav Høyems trønderbaserte, og somme eksperimenterte med midlandsbaserte (primært telemarksbaserte) former. Det var likevel klart at Aasens variant var den einaste som hadde ein viss grad av nasjonal prestisje blant målfolk. Det var ei privat² norm, men allment anerkjent som den autoritative blant dei som i det heile såg på landsmålet som eit brukande skriftspråk.

Når departementet måtte ta stilling til spørsmålet om nynorsk normkorrektheit, var det derfor klart at Aasens norm måtte ligge til grunn, for noko reelt alternativ fanst ikkje, og i 1893 var det ikkje rom for å starte opp eit omfattande statleg kodifiseringsarbeid. Ser ein på ordlegginga i rundskrivet, verkar det på meg ganske tydeleg: Ein rekna først opp nokre «mønstergyldige» tekster som til dels var laga for skolebruk – men ikkje automatisk einslaga i språkbruken – og i tilfellet salmane og Bibelen vel var føresett å bli lesne og sungne i skolen. Så peikar ein på at det var Aasen som hadde behandla landsmålet grammatisk og leksikalsk. Eg kan ikkje sjå på det som noko anna enn ei konstatering av faktiske tilhøve, og at det var desse faktiske tilhøva lærarane og skoleungane måtte forhalde seg til. Det kan kallast ei statleg «godkjenning» av Aasens norm, men spørsmålet er om det kan kallast «offisiell rettskriving» i den tydinga vi legg i dette omgrepet i dag. Eg meiner det er å dra det omgrepet for langt. Framleis stod dei i den situasjonen at det ikkje fanst nokon «infrastruktur» som gjorde det mogleg for norma å fungere som norm.

Den einaste konkrete rettleiinga som rundskrivet peikar på, er tillegget «Om Landssproget» i Aasens grammatikk (som står på side 357–388 i 1864-utgåva) og dessutan Hægstads korte framstilling i *Norsk Maallæra elder Grammatik i Landsmaalet* (1879). Ser ein på «Om Landssproget», finn ein at det blir innleidd av eit oversyn over korleis ein del ulike drag i målføra kan representerast i eit «Landsprog» (etter eit føregåande kapittel «Om Landskabsmaalene»), følgd av drøftingar kring tilhøvet mellom heimlege og innlånte drag i ordtilfang og uttrykksmåte. Det er ei tekst som nok ikkje kan brukast som ei praktisk rettleiing i å skilje mellom «rett» og «galen» språkbruk.

2. «Privat» tyder her 'ikkje statleg' (Vikør, 2003, s. 296).

Det er vel òg påfallande at ingen av dei samtidige kjeldene nemner 1893-skrivet som eit «normfastsettande» dokument; det finst såleis ingen referansar til det i tilrådinga frå 1899. Aasen blir behandla som ein sjølvstendig autoritet i kraft av sine faglege verk, men ikkje som «offisiell» og statsgodkjent. Vi ser det òg i Marius Hægstad si *Norsk maalsoga for skule og heim*, utgitt første gongen i 1904 i serien *Norske Folkeskrifter*. Der står det (s. 45):

I 1885 vart det millom storting og riksstyring vedteke, at *landsmaalet* eller nynorsken skulde vera jamstelt med det *norsk-danske bokmaalet* til alt offentleg bruk, i skule og kyrkja, og i 1901 vedtok kyrkjedepartementet ein *fast skrive-maate* for alle lærebøker paa landsmaal til skulebruk – Ivar Aasens mynsterform med nokre faa tillempingar.

Vi må vel kunne gå ut ifrå at få kunne vite betre enn Hægstad korleis saks-gangen i desse spørsmåla vart opplevd og oppfatta i samtida. I eit tillegg til 4. utgåva av same boka, skrive av Olav Midttun mens Hægstad enno levde (Hægstad, 1924, s. 50, sjå under punkt 6 nedanfor), står det med reine ord om 1901-rettskrivinga: «Det er den fyrste offisielt godkjende rettskrivingi i vårt land.»

Men SSJ er ikkje åleine om å nemne dette rundskrivet frå 1893 – han refererer til fleire språkhistorikarar som har gjort det same. Det ser ut til at Dag Gundersen (1967, s. 62) var den første av desse, og han kan ha vore mønster for andre (Skard, 1979, s. 32; Vinje, 1978, s. 235; Jahr, 1989, s. 25). Gundersen kallar dette den «første offentlige godkjenning av en norm for landsmålet». Men både han og etterføljarane hans understrekar at denne godkjenninga ikkje løyste normproblemet for dei som skulle lære – og lære bort – denne «riks-styregodkjende» nynorsknormalen, og at det gjorde ein ny gjennomgang av heile normspørsmålet nødvendig. Som Skard skriv: «Og nå var behovet for språklig normering blitt mer og mer presserende. Det var et praktisk problem som reiste seg overalt hvor skolekretser ønsket å innføre landsmålet.» (Skard, 1979, s. 34). Og så går han rett over til å presentere Hægstad-nemnda. (Sjå òg Haugland, 1985, s. 152.)

3 Ein ekskurs til Danmark

Det kan vere klargjerande å kaste eit blick på den danske rettskrivingshistoria på 1800-talet, som var vel så livleg som den norske.

Det er velkjent også frå norske språkhistorier at den første offisielle rettskrivingsforordninga i Danmark – som da òg omfatta Noreg – skjedde i 1775,

da det vart bestemt at Ove Mallings rettskriving i boka *Store og gode Handlinger af Danske, Norske og Holstenere* skulle leggest til grunn for danskundervisninga i den høgre skolen (latinskolen). Det hadde samanheng med ei ny satsing på styrking av dansk språk i skole og samfunnsliv etter kuppet mot Struensee, som hadde favorisert tysk. Det spesielle var at Mallings bok ikkje låg føre i 1775; det tok to år før ho vart trykt i 1777.

Den danske rettskrivingshistoria er grundig og detaljrikt, men ikkje særleg lettleseleg, beskriven i eit tobandsverk av Henrik Galberg Jacobsen (heretter HGJ): *Ret og skrift* (2010), ei avhandling på om lag 1200 sider. Ei kort og oversiktleg samanfating av denne historia gir Allan Karker i språkhistoria *Dansk i tusind år* (Karker, 2001, s. 238–242).

Det grunnleggande omgrepsapparatet til HGJ kan vere nyttig også i ei drøfting av den norske rettskrivingshistoria. Eg gir her ei kort beskriving med utgangspunkt i samandraget hans i band 2, s. 1117.

HGJ bruker termen *norm* (vsa. *rettskrivning*) om dei konkrete rettskrivingane, og *direktiv* om dei tekstene som konstituerte normene. Han skil mellom to typar direktiv: innhaldsdirektiv og statusdirektiv.

Innhaldsdirektiv kjem i form av rettskrivingsreglar i ordbøker eller andre publikasjonar. På 1800-talet var alle innhaldsdirektiv private, og dei skilde seg i to retningar: Den eine heldt på konservative skriftnormer. Det gjaldt såleis den autoritative ordboka til Christian Molbech med førsteutgåve i 1813 og utvida utgåve i 1833, basert på det han kalla «almindelig antaget Skrivebrug». Den andre retninga var meir radikal. Den fremste representanten for den var den «rask-petersenske» rettskrivinga, framlagt i 1826 av norrønfilologen Rasmus Rask på grunnlag av uttalen og linene bakover til norrønt, og modifisert i fellesskandinavisk retning av språkhistorikaren N. M. Petersen (Karker, 2001, s. 239–240). Eit tredje initiativ kom i 1869. Da vart det skandinaviske rettskrivingsmøtet halde i Stockholm; det var eit heilt privat tiltak. Også framlegga derfrå fekk ein sentral plass i den påfølgjande danske rettskrivingsstriden.

Den andre typen direktiv var *statusdirektiv*, som fastslo kva slags rettskriving som skulle vere den gjeldande offisielt, først og fremst i skolen, til dels òg på andre særlege område, som i hæren. Slike direktiv viste da berre til ei normkjelde som var etablert gjennom innhaldsdirektiv på den private marknaden, utan å gå meir inn på innhaldet i det fastslåtte regelsystemet. Sidan desse statusdirektiva berre fastslo kva som skulle gjelde i spesielle samanhengar, framfor alt skolens undervisning og dermed i lærebøker m.m., kom ulike rettskrivingsystem i praksis til å eksistere side om side. Det førte til ein konkurranse fram gjennom hundreåret, som også staten påverka, helst ved å fremme Molbechs

rettskriving og motarbeide den «rask-petersenske», som ein god del lærarar ønskte å bruke.

Etter HGJ sine definisjonar, kva skulle så til for at ein kunne snakke om ei *rettskriving*? Svar: Det måtte finnast eit skriftleg og publisert innhaldsdirektiv, som kunne vere ei ordbok, eller ein kortare instruksjon om kva slags reglar som skulle gjelde, eller ein mellomting (t.d. ei ordliste knytt til eit regelsett).

Og kva skulle til for at ein kunne snakke om ei *offisiell rettskriving*? Svar: Det måtte finnast eit statusdirektiv (eller fleire), med basis i eit innhaldsdirektiv som dermed fekk den autoriteten ei rettskriving måtte ha for å kunne kallast offisiell.

Fram til 1889 var alle innhaldsdirektiv private, med varierende grad av statleg godkjenning gjennom offisielle statusdirektiv. Men i dette året kom undervisningsministeren med ei detaljert forskrift om korrekt rettskriving «til Brug og nøje Efterlevelse i alle offentlige Skoler» (Karker, 2001, s. 241). Den vart så følgd opp av ei autorisert *Dansk Retskrivningsordbog* ved Viggo Saaby i 1891.

Dermed var danskane komne eit langt steg i retning av den *moderne* måten å slå fast ei offisiell rettskriving på. Den inneber at staten tar hand om normeringa ved å sette ned ei nemnd som arbeider ut eit framlegg som etter konsultasjonar blir grunnlag for eit endeleg innhaldsdirektiv (den konkrete framstillinga av reglane). Så utferdar dei statlege styresmaktene eit statusdirektiv som fastslår at denne rettskrivinga er den offisielt gyldige på nærare angitte område, primært morsmålsundervisninga i skolen, etter kvart òg stats-tenesta. Innhaldsdirektivet og statusdirektivet heng da sjølvsagt saman og føreset kvarandre gjensidig.

I 1889 hadde dansk såleis for første gong ei offisiell rettskriving i moderne tyding av omgrepet. Den vart revidert på nokre få punkt i 1892. Deretter var det relativ ro på den offisielle rettskrivingsfronten i dansk inntil 1948, da vi fekk ei «skandinavisering» av rettskrivinga ved at *å* vart innført for *aa* og substantiv ikkje lenger skulle ha stor førebokstav. I heilt moderne tid har dei normerande funksjonane lege til det permanente organet Dansk Sprognævn frå 1955 av.

4 Frå 1893 til 1901

Vender vi oss så til Noreg att og ser på «1893-rettskrivinga» for nynorsk, så bestod den av eit statusdirektiv utan (men med tilvising til) innhaldsdirektiv – som Danmark hadde hatt mange av i tiåra før. Vi må gå ut frå at den eliten som

arbeidde med desse spørsmåla, hadde gode kontaktar med dei nordiske grannelanda og visste korleis systemet var der. I 1890-åra var det nok klart, og vart stadig klarare, at ei effektiv statleg rettskrivingsnormering var avhengig av at det offentlege også tok seg av innhaldsnormeringa, og skaffa fram dei hjelpemidla som trongst for å få rettskrivinga til å fungere i skolen, først og fremst (i samarbeid med private forlag). For nynorsk, som var ei heilt ny språkform, måtte dette vere enda meir tvingande nødvendig enn for dei meir innarbeidde normene i dansk og norsk-dansk.

På dette punktet ser det ut som at SSJ mistyder meg (SSJ 1, s. 156–158, jf. Vikør, 2021, s. 297–299). Eg skreiv ikkje generelt om ordlister som ein formell kvalifikasjon for at ei rettskriving skal reknast som «offisiell» (sjå ovanfor), og eg skreiv i det heile ikkje om norsk-dansken i denne samanhengen. Eg peika på at ei skoleordliste over dei godkjente formene og stavemåtane i *landsmål* ikkje fanst, og at ei slik var nødvendig for at rettskrivinga reelt skulle fungere som ei norm for elevar (og lærarar) i folkeskolen. Eg heldt meg altså på det praktiske planet, ikkje det formelle. Og dei vitnemåla vi har frå samtida, tyder på at dette var eit reelt problem som ei venstre-regjering som ønskte å fremme landsmål, måtte «adressere», for å seie det hypermoderne. Ei høgreregjering, som la (mildt sagt) mindre vekt på å fremme og styrke landsmålet, trong sjølv sagt ikkje la dette ligge tungt på seg.

Dermed må ein seie at dei nye rettskrivingstiltaka som Steen-regjeringa med kyrkje- og undervisningsminister Wexelsen sette i gang da dei overtok regjeringsmakta i 1898 (etter å ha vore i opposisjon sidan 1893), lett kan forklarast ut frå dei reelle behova som låg føre i samfunnet i dei åra. Skards ordliste var eit privat tiltak, men støtta og fremma av departementet, og slik har det også vore seinare. SSJ ser ut til å meine at dei private forlaga og departementet (seinare Språkrådet) har arbeidd heilt uavhengig av kvarandre, men i praksis har det nok vore kommunikasjon (ikkje minst uformell) mellom dei ulike instansane i dei fasane da ei ny rettskriving skulle formast ut og implementerast. Departementets og seinare Stortingets vedtak om nye rettskrivingar har på 1900-talet vore eit signal om at no var det behov og ein stor marknad for nye skoleordlister, forlaga har visst om det og førebudd seg lenge på førehand, og det har ikkje vore naudsynt for departementet å ta noko initiativ ut over det. Slik var det nok ikkje på 1890-talet, da ei høgreregjering lett kunne ignorere behova til dei (førebels svært få) skolane som tok landsmålet i bruk. Utan marknadsmakt bak seg måtte dei ha ei form for støtte i ei statsmakt. Seinare har vi hatt fastare prosedyrar på dette området, som ikkje er avhengige av parti-politikk.

5 1901-rettskrivinga og «Hægstad-normalen»

SSJ 1 (s. 107–108) kritiserer den tradisjonelle framstillinga i språkhistoriene (som eg òg har formidla) om at den endelege 1901-rettskrivinga var identisk med Hægstads normframlegg i nemndtilrådinga (som i tilleggsdokumentet frå Hægstad-nemnda også fekk tilslutning av Flo, men ikkje av Garborg). Han peikar på at departementet fastsette Matias Skards *Landsmaals-ordlista* som den endelege normkjelda, og viser at denne ordlista på nokre punkt veik av frå Hægstad-framlegget. Ordlyden i departementsvedtaket (datert 6. februar 1901) var slik:

Kongelig resolution, hvorved er bestemt, at Seminarlærer Matias Skards «Landsmaalsordlista» i den af Herrerne Professor Hægstad og Cand. mag. Flo anbefalede Form godkjendes til Skolebrug og bliver at anvende i alle Lærebøger, skrevet paa Landsmaal, som bruges i Skolen.

Formuleringa «i den af Herrerne Professor Hægstad og Cand. mag. Flo anbefalede Form» skaper problem for SSJ, fordi dette nettopp måtte implisere at det var den endelege nemndtilrådinga frå Hægstad og Flo som vart godkjent som den norma som skulle brukast. SSJ 1 (s. 108) landar på at det er ei «gåløyse» av ein embetsmann som har hatt med denne saka å gjere: «Mest truleg hadde ingen i embetsverket halde saman framlegget frå rettskrivingsnemnda med Skard (1901) og saumfare dei for likskapar og skilnader. Dei syntest å samstavast i det meste, og det kan ha vore godt nok for KSD [departementet].»

Dette verkar som ei naudløysing på eit konstruert problem. Det står ingenting om nemndtilrådinga i vedtaket, berre om Skards ordliste «i den af Herrerne Professor Hægstad og Cand. mag. Flo anbefalede Form». Ordlista til Skard var på det tidspunktet under arbeid og kom ut først seinare på året (meldt i *Den 17de Mai* 31.8.). Han må ha brukt mykje av vårsemesteret til utarbeidinga, sjølv om arbeidet truleg var begynt tidlegare. Skard var på den tida på veg til å avslutte arbeidet som lærar på lærarseminaret i Levanger og flytta same sommaren til Kristiansand for å begynne som skoledirektør der. Det er grunn til å tru at han gjorde ordlista ferdig før sommaren.

Den logiske tolkinga av departementets vedtaksformulering, slik eg ser det, må vere at Hægstad og Flo faktisk hadde godkjent («anbefalt») ordlista da ho var ferdig redigert, m.a.o. at det var kontakt og samarbeid mellom dei og Skard under arbeidet. Dette har eg antyda i den førre artikkelen min (Vikør, 2021, s. 304–305), der det går fram at Hægstad arbeidde med ei ny utgåve av *Norsk*

Maallæra parallelt med at Skard arbeidde med ordlista. Det er altså god grunn til å gå ut ifrå at det var vore kontakt mellom desse, og med Flo (men ikkje med Garborg, som hadde stilt seg utanfor). Det kan ha skjedd pr. brev, eller kanskje med eitt eller fleire møte der dei drøfta tvilsspørsmål og vart samde om mindre revisjonar og justeringar – kanskje i samråd med eller jamvel på oppdrag frå departementet. Det var dermed ikkje tanken at fleirtalsframlegget frå Hægstadnemnda skulle følgjast slavisk til siste bokstav i den endelege rettskrivinga, berre at det skulle leggest til grunn i all hovudsak.

Dette kan ikkje provast, men det er denne hendingsgangen som verkar mest sannsynleg ut ifrå det kjeldene seier. Denne rekonstruksjonen blir òg styrkt av Sigmund Skards framstilling i «farsbiografien» sin, *Det levande ordet* (Skard, 1972, s. 243–245). Han skriv der om eit nært samarbeid mellom Hægstad og Skard i desse åra, som m.a. omfatta eit tobands leseverk som kom ut første gongen i 1898 og 1902. Ifølgje Sigmund Skard vona Hægstad at ordlista til Matias Skard skulle stogge den «ævelege vingling», og han kalla ho «ei vakker frukt av samlingsaandi innanfor maalflokken».

Så treng ein ikkje lenger føresette noka «gåløyse» hos nokon. Og namnet «Hægstad-normalen», som festa seg til 1901-rettskrivinga, får god dekning, for Hægstad blir ståande som den mest innverknadsrike krafta bak utforminga av normalen under heile prosessen.

6 Statusen til midlandsnormalen

SSJ og eg er samde om at departementets rettskrivingsvedtak i 1901 ikkje inkluderte den såkalla midlandsnormalen. Det vil seie at seinare språkhistorikarar ikkje har hatt grunnlag for å hevde den oppfatninga at denne normalen var tillaten for skoleelevane som «sideform», som dei (vi) likevel har gjort. SSJ 1 (s. 99–100) serverer eit knippe av døme på dette.

Men eg har peika på at denne avvisinga av midlandsnormalen frå departementet si side var implisitt, ikkje eksplisitt uttrykt i sjølve vedtaket, og eg har antyda at det kan ha vore ei uvisse blant sentrale aktørar i samtida om kva vedtaket eigentleg innebar på dette punktet.

Her har eg da igjen gjort ein feil som SSJ peikar på, ved å basere meg på sitat i sekundærkjelder. I ei utgreiing om midlandsnormalen, skriven av Rasmus Flo, men utgitt og innleidd av Arne Garborg (Flo døydde i 1905), skriv Garborg litt om denne prosessen i innleiinga (Flo, 1906, s. 3–4). Eg siterte frå dette etter Knut Karlsens attgjeving (Karlsen, 2017, s. 77), men sitatet kom feil ut, slik at det som var Garborgs resymé av nemndtilrådinga vart ståande som ein omtale

av det endelege normvedtaket – på grunn av at hermeteikn i originalen hadde falle bort i sitatet. SSJ 3 (s. 159–161) viser dette i detalj.

Men SSJ siterer ikkje det Garborg skriv vidare, i det følgjande avsnittet:

Korleis de hev gjengi med den fridomen som her vart tilraadd [av rettskrivingsnemnda], de maa eg seia at eg ikkje veit. Men um den midlandske stavemaaten segjer eg som eg fyrr hev sagt: «so lengi ikkje heile lande hev valt maalform, og so lengi de i bokheimen er strid um skrivemaaten, so bør ikkje skulestyre paa fyrrihand slaa vestlandsformi fast anna enn til rettleiding. De kunde i de heile vera ymist vori aa stelle seg so, at midland og austland og nordanfjelskt hadde berre det eine vale: norskdanskt eller vestlandsk-norskt. Um ikkje midlandsformi vaar duger til anna, so vil ho staa der og vise, at de ikkje er meiningi aa slaa noko fast til landsmaal, fyrr lande i det heile hev havt tilføre til aa velja.»

Det meste av dette er tatt frå eit innlegg Garborg hadde hatt i *Den 17de Mai* sommaren 1901. Men i første setning (skreven i 1906) skriv han at han ikkje veit korleis det har gått i denne saka. Om han meinte dette bokstaveleg, kan det i alle fall tolkast som at han var uviss på 1901-vedtaket. Men, som eg tidlegare har skrive (Vikør, 2021, 303), så verkar det som at Garborg og Lars Eskeland først og fremst var opptatt av å hevde midlandsnormalens rett som ein mogleg utviklingsveg for landsmålet i samfunnet generelt, ikkje å få han innarbeidd i skolen. SSJ ser ut til å ha det same synet.

Det spørsmålet som framleis står att, er korleis den oppfatninga at midlandsnormalen vart sideform i moderne tyding (tillaten for elevane, ikkje i lærebøker) oppstod og vart tradert vidare. Det eldste belegget for denne framstillinga har SSJ 1 (s. 96) frå O.M. sitt tillegg til siste utgåva av Marius Hægstad's *Norsk målsoga for skule og heim* (Hægstad, 1924, s. 50). Liksom SSJ reknar eg òg med at O.M. er Olav Midttun. Han skriv i tillegget sitt:

I 1901 godkjende kyrkjedepartementet Skard: «Landsmaalsordlista» til rettleiding for alle skulebøker. Ho var sett upp i samsvar med framlegget frå Hægstad. Det er den fyrste offisielt godkjende rettskrivingi i vårt land. Samstundes godkjende kyrkjedepartementet «Midlandsmaalet» åt Garborg og Flo òg til skulebruk. Men det kom ingi rettskrivningslære eller ordliste (fyrr i 1906), so det hev vore lite nytta utanum bokheimen (Garborg, Mortensson, Seippel, Moren o. a. med ymse tillempingar), medan «Hægstad-normalen» rådde i skulen og mykje godt elles.

Det kan vere her rota ligg til den seinare traderte mistydinga i dei fleste språkhistorier. Midttun var ikkje språkpolitisk aktør i 1901, men vart etter få år ein av dei sentrale personane i målrørsla, og det er påfallande at han la fram påstanden om midlandsnormalen som «sideform» så atterhaldslaut i 1924, mens Hægstad enno levde og, skulle ein tru, hadde høve til å sjå gjennom det Midttun skreiv. Eg meiner det er rett å opne for at det var – eller i alle fall kan ha vore – tvil kring dette i samtida og den nære ettertida, blant det fåtalet som var aktivt interessert i saka. Men eg kan ikkje forklare korleis denne framstillinga som Midttun var først ute med, hadde komme opp. Som eg antyda i førre artikkelen min (Vikør, 2021, s. 300), kan ho i seinare fasar ha vorte styrkt av sjølvne termen *sideform* – som har hatt ei anna tyding kring 1900 enn frå 1938 av. Men det forklarar ikkje Midttuns framstilling.

Eit moment verken SSJ eller eg har vore inne på i denne samanhengen, er tilhøvet til den neste reforma i nynorsk, den i 1910. Da vedtok departementet å opne for visse liberaliseringar for dei nynorskbrukande skoleelevane utan å endre sjølvne rettskrivinga, Hægstadnormalen. Dette vedtaket, som består av fire punkt, er referert i fleire språkhistorier (Jahr, 1989, s. 51; Torp & Vikør, 2014, s. 264). To av desse punkta var også ein del av midlandsnormalen: at svake hokjønnsord skulle kunne ende på *-e* (*ei vise*: Hægstadnormalen: *ei visa*), og at bestemt form fleirtal av hankjønns- og hokjønnsord skulle kunne skrivast utan *-r-* (*gutane*; Hægstadnormalen: *gutarne*). Dei to andre punkta var heilt nye, altså ikkje med i midlandsnormalen: *e*-bøying av verb på *-era*: *studerte* – *studert* (Hægstadnormalen hadde *a*-bøying: *studera* – *studera*), og høve til å skrive *y* i ein del ord av typen *bryta* og *blyg* der både Hægstadnormalen og midlandsnormalen hadde tradisjonelle former av typen *brjota* og *bljug*. Vedtaket står i ein kongeleg resolusjon datert 10.6.1910, ordrett referert av Dag Gundersen (1967, s. 74–75).

Dette betyr at departementet i 1910 i det heile ikkje forheldt seg til midlandsnormalen som ein eksisterande normal, heller ikkje for skoleelevar, men berre tok utgangspunkt i Hægstadnormalen. Det vart ikkje presisert at dei og dei formene i midlandsnormalen ikkje skulle gjelde lenger. Det stør, ganske avgjerande, meiner eg, det hovudsynspunktet SSJ og eg er samde om. Men det gjer Midttuns formulering (Hægstad, 1924, s. 50) enda meir ubegripeleg.

7 1901-rettskrivinga

SSJ 3 (s. 148) kritiserer meg for at eg i tidlegare framstillingar av 1901-rettskrivinga ikkje har oppgitt kjelder. No har eg ikkje skrive særskilt om denne

rettskrivinga før. Eg har derimot fleire gonger skrive generelle oversikter over norsk rettskrivingshistorie som del av den allmenne språkhistoria (Almenningen o.a., 1981 (6. utg. 2002); Torp & Vikør, 1993 (4. utg. 2014)). Der har eg omtala 1901-rettskrivinga kort som ei opptakt til det som følgde. Eg har da bygd på tradisjonelle framstillingar i andre språkhistorier, og neppe skilt meg i nokon særleg grad frå dei i framstillingsmåten. Dermed har eg òg vidareført feil i denne språkhistorietradisjonen, som eg har vedgått både i 2021 og no i denne artikkelen. Eg nektar ikkje for at det var SSJ sine artiklar som stimulerte meg til å ta for meg og gjennomgå primærdokumenta i 2021-artikkelen – noko som gav meg kunnskap om detaljane i 1901-rettskrivinga, men samtidig gav grunnlag for ein kritisk gjennomgang av SSJs kritikk.

SSJ meiner at eg har mistydd grunnlaget for SSJ 2 og omtalen hans av framlegget frå Hægstad-nemnda og argumenterer med stråmenn, altså at eg har feilframstilt det han meiner. Eg kan ikkje påstå at eg ikkje har tolka han feil, men eg vil likevel grunngi ut frå det han skriv i SSJ 2 korfor eg har oppfatta han slik eg beskriv i artikkelen min (Vikør, 2021).

Eg baserer delar av kritikken min mot SSJ på den oppfatninga at han vil redusere den statusen bruksprinsippet hadde hos Hægstad-nemnda i forhold til tilnæringsprinsippet. Eg skriv at han «insinuerer» at bruksprinsippet var eit «vikarierende argument». Her må eg gjere sjølvkritikk: Eg burde ikkje ha brukt ordet «insinuerer». Det eg meinte, var at han gav inntrykk på meg som lesar av at bruksprinsippet for Hægstad-nemnda var sekundært i forhold til tilnæringsprinsippet. Det ligg under fleire stader i artikkelen hans, og kjem kanskje tydelegast fram i konklusjonsavsnittet. Her seier han at alle nynorskreformer er grunngitt med frekvens i talemål og skriftleg bruksmål, «men at *hovudmålet* deira var å vinna likskap millom norsk og norsk-dansk».

Ut frå dette blir det noko forvirrande når SSJ 3 på s. 163 understrekar at han har omtala bruksprinsippet som eit *grunnprinsipp* for Hægstad-nemnda. I sluttavsnittet i SSJ 2 startar han med å omtale formålsformuleringa i Hægstad-tilrådinga om å «byggja paa det skrivebruk som hev vore raadande i kvart maals bokrike» som ei «grunnsetning», men han konkluderer likevel, som sitert ovanfor, med at tilnærming til norsk-dansk var «hovudmålet». Eg har altså gått ut frå at det var hovudtesen hans, og den er eg usamd i for 1901-reforma sin del (dei seinare reformene kjem eg ikkje inn på). Det prøver eg å grunngi i artikkelen min.

8 Tre «stråmenn»

Når SSJ 3 refererer til tre «stråmenn» som eg skal ha sett opp for å polemisere mot dei, må det implisere at vi er meir einige i sak om desse spørsmåla enn eg har trudd. Eg må gå kort igjennom desse «stråmennene».

Den første «stråmannen» er basert på det følgjande sitatet hos SSJ 2 (s. 112):

På eina side heldt dei [Hægstad-nemnda] fram at det ikkje «kann [...] verta tale um noko slags aatsemjing som gjer norsken *mindre norsk*», men samstundes dulde ikkje nemndi at dei totte det var det norska bokmålet [dvs. landsmålet] som laut gjeva etter fyre norsk-dansken.

SSJ 3 (s. 164) kommenterer dette slik: «Vikør mener da at ‘For SSJ blir da tilrådinga sjølvmotseiande’, enda jeg hverken skriver eller antyder på noen måte at dette er en selvmotsigelse.»

På meg verkar dette forvirrande, og «stråmannen» er frå mi side eit forsøk på å klare opp i det (Vikør, 2021, s. 307). Eg meiner at SSJ 2 behandlar «norsk-dansken» som ein monolitt som nynorsken kunne nærme seg eller fjerne seg frå, og at det var hovudskiljet i skriftspråkspolitikken, mens Hægstad-nemnda skil mellom norske og danske komponentar (ord, former og struktur) *innanfor* norsk-dansken og set hovudskiljet mellom dei norske og dei danske komponentane (mens landsmålet står heilt ut på den norske sida). Det siterte avsnittet hos SSJ 2 gir inntrykk av at Hægstad-nemnda på den eine sida ikkje ville gjere landsmålet «*mindre norsk*», mens nemnda på den andre sida meinte at det var landsmålet som måtte gi etter for norsk-dansken (ikkje omvendt). Når det står: «men samstundes dulde ikkje nemndi at ...», så gir det inntrykk av at SSJ ser ei motsetning her, og det er da ikkje så unaturleg at eg som lesar går ut frå at han meiner å ha sett ei sjølvmotseiing.

Ein vesentleg mangel i SSJ 2 – kanskje jamvel ein «elefant i rommet» – er at han ignorerer motiveringa for dei tilnæringsframlegga nemnda nemner, drøftar og til dels stør. Heile tilrådinga handlar om korleis ein kan få nynorsknormalen til å fungere best mogleg i elementærundervisninga i dei folkeskolane som hadde landsmål som undervisningsspråk. Dette omsynet var heilt sentralt for dei, og sidan alle visste at desse elevane alltid ville leve i ei tospråkleg livsverd, var det om å gjere å lette dei bøkene som dette førte til – der det kunne gjerast på ein språkleg og nasjonalt ansvarleg måte. Dette var rundt 1900 ein heilt ny situasjon som ingen hadde røynsle med, og som måtte føre til både fleksibilitet og nyttenking. No gjentar eg meg sjølv, for dette gjekk eg grundigare inn på i den første artikkelen min (Vikør, 2021, s. 305–306) på grunnlag av eit

langt sitat frå Hægstad-tilrådinga (Hægstad o.a., 1899, s. 2–3). Eg kan ikkje sjå at SSJ i det heile viser noka forståing for denne situasjonen og dei problema som folk da måtte tenke igjennom på ein heilt annan måte enn seinare på 1900-talet og no på 2000-talet – med eit hundreårs erfaring i det å handtere tospråklegheit i skolen og samfunnet elles.

Eg nemnde òg (Vikør, 2021, s. 306) dei krava Hægstad-nemnda stilte om at norsk-dansken også skulle lempe seg etter det norske folkemålet i vid forstand, altså at det ikkje var *berre* «det norska bokmålet som laut gjeva etter for norsk-dansken». Men denne nemnda skulle berre behandle nynorsken, ikkje heile rettskrivingspolitikken totalt; det var andre som skulle ha ansvaret for norsk-dansken. Å peike på at tilnærminga frå bokmålssida kom altfor kort sett frå 2021, for dei som meiner det, er irrelevant for vurderinga av motivasjonen bak framlegget frå Hægstad-nemnda.

Neste «stråmann» handlar om ordforma *sjø*. Det går eigentleg på det same: SSJ dreg hovudskiljet mellom det norsk-danske skriftmålet og det heilnorske landsmålet, mens Hægstad-nemnda såg på skiljet mellom norske og danske ord og former generelt som hovudskiljet. Da måtte dei sjå innføringa av den dominerande norske talemålsforma *sjø* i norsk-dansken som ein siger, og ein måtte sjå det som heilt naturleg å satse på denne forma også i landsmålet. *Sjø* kunne berre forsvarast med norrønt som argument. Men SSJ 2 får det å ta inn *sjø* i landsmålet til å sjå ut som ei ettergjeving for norsk-dansk.

Den tredje og siste «stråmannen» er: «‘SSJ ser ut til å’ mene at at norsk ‘burde ha vore halde heilt reint for innslag frå’ norsk-dansk». Dette trur eg at eg berre vil kommentere ved å sitere sluttsatsen i SSJ 2 (s. 118):

Den som vil rita norsk på eit rettelege norskt grunnlag utan tiljamning mot norsk-dansk, gjerer med det best i å halda seg til rettskrivingi hans Ivar Aasen.

9 *for* vs. *fyre*

Ein stor del av kritikken min mot SSJ 2 baserer seg på nærlesing av tilrådinga frå Hægstadnemnda på konkrete punkt som også SSJ omtalar. Han seier at eg mistyder drøftingane til nemnda på fleire punkt, men avgrensar seg til å ta opp eitt punkt konkret, nemleg tilhøvet mellom *for* og *fyre*. Eg ser òg grunn til å gå nøyare inn på dette punktet, og bruker resten av denne artikkelen til det; for alle dei andre døma viser eg berre til den førre artikkelen min (Vikør, 2021, s. 307–313) utan å gå meir inn på dei (SSJ har elles rett i at eg burde ha vore

flinkare til å gi opp nøyaktige sidetalsreferansar til nemndtilrådinga med tanke på lesbarheita).

Som ein kunne vente, konkuderer eg også her annleis enn SSJ. Problemet er at Hægstad-nemnda her formulerer seg noko uklart, så tolkinga blir ikkje heilt enkel – verken SSJ eller eg har fått det til etter mi vurdering no. Så prøver eg på nytt, og no siterer eg først heile det relevante avsnittet frå Hægstad-tilrådinga³ (Hægstad o.a., 1899, s. 13–14):

Um *fyr* er aa segja, at det er eit ord som lyder paa mange maatar. Forutan *fyr* og *for*, som vel er dei mest brukte, hev me *før*, *fy*, *fø* og *fe*. Men i visse høve lyder det *for* flestalle stader i lande, der alle daa ogso er samde um aa halda paa skrivemaaten *for*, som *for stor*, *kva for ein mann*, *for* = «thi», *for aa* = «for at» (um ein brukar det), og i ei mengd med samansetningar, som *forfjetra*, *forvitna*, *forøven*, *forstøva* o.s.fr. Skal ein daa hava tvo skrivemaatar her, vil det for mange verta eit heilt bal med aa halda dei ut ifraa einannan, alle dei som er vane med å uttala orde likt, anten det er brukt paa den eine eller den andre maaten (*for* eller *før*). Den skrivemaaten som byd seg, naar ein skal velja *ein*, som ein bør gjera, vert daa *for*, alle stader der orde er meir vegtlaust og jamnast hev den kortare formi, med berre *ei* staving. Derimot der det hev meir vekt og i flestalle bygdemaal hev halde seg som eit serskilt ord, som lyder *fyre* eller *føre*, der vert det aa skriva *fyre* (*fyre*), som: *fyre alle hine*, *fyre jol*, *leggja seg fyre*, *taka seg fyre*, *gjera seg fyre*, *halda fyre* (meina) o.s.fr. I samansetningar vert det daa ogso aa gjera same skilnaden (*for* der det lyder med berre *ei* staving, elles *fyre*), som *forbød*, men *fyrebød*, *forløga* - *fyreløga*, *formann* - *fyremann*, *difor*, *altfor*, *han gjekk seg utfor stupe* (med vekt på *ut*), men: *han gjekk seg utfyre* (med vekt på *fyre*) o.s.fr.

Eg minner om utgangspunktet for drøftinga: Det er ei oppstilling i SSJ 2 (s. 114), «Tavla 1», med døme på «tiljamningar» til norsk-dansk som Hægstad-nemnda gjekk inn for. I denne lista står *fyre*, som ifølgje SSJ 2 da skulle «tiljamnast» til *for*. Det blir ikkje sondra mellom dei ulike gruppene av ord som inngår i dette komplekset; SSJ 2 nemner berre at *fyre* i Hægstad-tilrådinga skulle

3. I avsnitta etter dette drøftar tilrådinga bruk av «ljodmerke» (diakritiske teikn) til å skilje mellom opne og tronge vokalar, eit kinkig problem i den eldste nynorsken. Tilrådinga foreslår eit «omsnudd møne», også kalla «stigle», til å markere open vokal: *ø*, altså eit sirkumfleks-teikn med spissen ned (ikkje obligatorisk, men til bruk ved særskilte behov). Den vanlege måten å markere denne lyden på, er likevel aksent grave: *ò*, og eg bruker derfor den i dette sitatet der tilrådinga har stigle. Ordet *fyre*, som skal ha open *y*, blir mest skrivne utan aksent, men nokre gonger med; da gir eg det altså att som *fyre*.

erstattast med *for*, utan vidare drøfting eller modifisering. Det var dette eg reagerte på, med grunnlag i det siterte avsnittet i tilrådinga.

SSJ 3 nyanserer påstanden frå SSJ 2. Han tar da utgangspunkt i artiklane om *for* og *fyre* i Aasens *Norsk Ordbog*, og reknar på det grunnlaget med tre grupper av ord: 1) Der Aasen-normalen har *for* og altså allereie er lik norsk-dansk. 2) Der Aasen-normalen har *fyre*, mens norsk-dansk har *fore*, *foran* eller *før*; der gjekk tilrådinga inn for at det framleis skulle vere *fyre*. 3) Der det skulle vere ei endring: frå Aasens *fyre* til norsk-dansk *for*. Som døme på dette nemner SSJ 3: *Han selde det fyre ein dalar, Det var for stort fyre honom, Det vardt so seint fyre oss.*

Desse døma er ikkje nemnt i Hægstad-tilrådinga, som altså ikkje refererer til *Norsk Ordbog* og ikkje nemner dei tre gruppene SSJ 3 set opp. Der er det berre snakk om to ord: 1) det einstava *for* (som i talemålet kan ha ulike vokalar; det ser ut som det er *fyr* nemnda drøftar som alternativ til *for*) i første helvta av sitatet, 2) det tostava *fyre*, i siste helvta.

Heller ikkje Aasen har denne tredeling SSJ 3 set opp. Han har fleire artiklar på *for* som preposisjon, konjunksjon og adverb, men knytt til nokså få og spesifikke uttrykk (*kvat for (ein, nokot osv.); For ei Skam! osv.; for stor, alt for seint osv.*), i tillegg til at *for* som konjunksjon kan stå for tydinga 'fordi'. Dessutan nemner han *for-* som prefiks i mange ord. Dette tilsvarer heilt den første helvta av avsnittet frå Hægstadtilrådinga, sjå ovanfor. Her er Aasen og Hægstad-nemnda heilt samde om at det framleis skal heite *for*.

Men for Aasen er hovudordet *fyre*, som får ein lang artikkel med 13 tydingar eller funksjonar som preposisjon og adverb. I innleiinga til artikkelen refererer han ulike vanlege uttalar, stort sett einstava. Han spesifiserer ikkje om eller korleis ulike uttalar fordeler seg på dei ulike tydingane eller funksjonane, enda tendensar til slike fordelingar truleg fanst og var kjent.

Eg kan ikkje her gå inn på denne svært grundige ordartikkelen *fyre* hos Aasen, men han er tilgjengeleg i alle opptrykk av Aasens *Norsk Ordbog*. Hægstad-nemnda kan òg berre trekke fram nokre døme på tydingar og funksjonar frå denne ordartikkelen, men poenget her er at nemnda berre seier at her skal det også i Hægstad-normalen skrivast *fyre*, som hos Aasen. Med andre ord: SSJs påstand om at det finst ei gruppe der nemnda vil erstatte *fyre* med *for*, får inga stadfesting. Nemnda stadfestar berre Aasens normering, men på ein nokså uoversiktleg og dermed utydeleg måte.

Men siste ord var ikkje sagt med det. Skard har kanskje hatt litt hovudbry med dette avsnittet i tilrådinga. Han set inn ein note til ordartikkelen «*for* og

fyre, præp», som han slår saman. SSJ siterer noten, men med eit par nedkortingar. Eg gjentar sitatet her, men utan nedkortingane (Skard, 1901, s. 28):

Dette ordet skriv me alltid *for*, der det i bygdemaalet vert uttala som eit *tonelett einstavingsord*; t.d. For 6 aar sidan. Aa stræva for føda. Gjer detta for meg. Saapa for 10 ø. For mi skuld. - *Difor, kvifor, framfor, utfor*. - I samansetning med eit tvostavingsord vert det soleis alltid *for*; t.d. attanfor, innanfor, nordanfor.

Derimot skriv me *fyre*, der ordet i bygdemaalet vert uttala som *tvostavingsord* (fyre, firi, feri); t.d. Fyre jonsok. Gakk fyre meg. Aa liggja fyre. Ein kann verta fyre so mangt. Sume gjekk fyre, andre etter. Baade fyre og etter jol - Han datt *utfyre*.

Her er det nokre avvik frå Aasen som ikkje stammar frå Hægstad-tilrådinga. Det ser vi når vi jamfører bruksdøme i Aasens ordbok med Skard sine: *Saapa for 6 ø[fyre]* (jf. Aasen: *Han selde det fyre ein Dalar*); *For mi skuld* (Aasen: *Fyre mi Skuld* i artikkelen *Skuld*). Dei andre *for*-uttrykka hos Skard har ingen gode parallellar hos Aasen, men tydingsopplysningane hans tyder på at dei skulle ha *fyre* i hans normal. Og Aasen førte opp *fyre* som etterledd i *difyre, kvifyre, framfyre, utfyre, attanfyre, innanfyre* og *nordanfyre*. Dermed kan ein seie at Skard introduserte gruppa *fyre* → *for* i ordlista si, kanskje etter godkjenning frå Hægstad og Flo (sjå under punkt 5 ovanfor). Men han viser det berre i lausrivne enkeltdøme utan noka regelfesting.

Både tilrådinga og Skard relaterer dette berre til uttalen i bygdemåla, ikkje til Aasen eller til norsk-dansken, og deler denne ordgruppa i to på eit enkelt og gjennomsiktig grunnlag, i alle fall var det meint slik da. I dag verkar det nok ikkje så enkelt og gjennomsiktig lenger. Men vi ser likevel reflexen av det som nok har vore den overordna målsettinga: å gjere normalen så enkel og praktisk å bruke som råd for dei daverande innlærarane og språkbrukarane, basert på det som aktørane definerte som norsk språkstoff.

10 Oppsummering

Eg har ikkje hatt som målsetting å «oppklare» dei uklare punkta eg har drøfta kring den tidlegaste fasen i nynorsknormeringa; total oppklaring av alt er neppe mogleg. Målet mitt har vore å bidra til ei nyansering av ei altfor skråsikker «2000-talsforståing» av dei normeringsforsøka dei første generasjonane av nynorskfilologar måtte ta fatt på i eit radikalt annleis språksamfunn enn det vi

har rundt oss no. Andre enn SSJ og eg får dømme om vi har komme litt nærare dette målet.

Litteratur

- Aasen, I. (1864). *Norsk Grammatik*. P. T. Mallings Boghandel.
- Aasen, I. (1873). *Norsk Ordbog med dansk Forklaring*. P. T. Mallings Boghandel.
- Almenningen, O., Roksvold, T. A., Sandøy, H., Vikør, L. S. (1981). *Språk og samfunn gjennom tusen år*. Universitetsforlaget.
- Flo, R. (1906). *Midlandsmaal. Etter framlegge fraa rettskrivingsnemndi i 1899*. Utgitt av Arne Garborg. Olaf Norlis forlag.
- Gundersen, D. (1967). *Fra Wergeland til Vøgt-komiteen. Et utvalg av hovedtrekk og detaljer fra norsk språknormering*. Aschehoug.
- Haugland, K. (1985). *Striden om skulespråket. Frå 1860-åra til 1902*. Det Norske Samlaget.
- Hægstad, M. (1879). *Norsk Maallæra, elder Grammatik i Landsmaalet*. Eige forlag.
- Hægstad, M. (1901). *Norsk maallæra eller grammatik i landsmaalet*. 4. utg. Fr. Nygaards forlag.
- Hægstad, M. (1904). *Norsk maalsoga for skule og heim*. Norske Folkeskrifter 22. Noregs Ungdomslag og Student-maallaget.
- Hægstad, M. (1924). *Norsk målsoga for skule og heim*. Norske Folkeskrifter 22. 4. utg. Noregs Ungdomslag og Student-mållaget.
- Hægstad, M., Garborg, A., og Flo, R. (1899). *Framlegg til skrivereglar for landsmaale i skularne*. A. W. Brøggers bogtrykkeri.
- Hægstad, M., Garborg, A., og Flo, R. (1901). *Tillæg til «Framlegg til skrivereglar for landsmaale i skularne»*. A. W. Brøggers bogtrykkeri.
- Jacobsen, H. G. (2010). *Ret og skrift. Officiel dansk rettskrivning 1739–2005* 1–2. Dansk Sprognævns skrifter 42. Syddansk Universitetsforlag.
- Jahr, E. H. (1989). *Utsyn over norsk språkhistorie etter 1814*. Novus.
- Johnsen, S. S. (2020). 1901-rettskrivinga, midlandsmakselen og riksstyremålet. *Arkiv för nordisk filologi* 135, 95–111.
- Johnsen, S. S. (2021). 1901-rettskrivingi var den fyrsta samnorskumboti. *Norsk Årbok 2021*, s. 111–118. Høgnorskringen.
- Johnsen, S. S. (2023). Oppklaringer om 1901-rettskrivningen. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 41, s. 147–173.

- Karker, A. (2001). *Dansk i tusind år. Et omrids af sprogets historie*. Modersmål-Selskabets Årbog 1993. 2. utg. Chr. Reitzels Forlag.
- Karlsen, K. E. (2017). *Mellom Aasen og Hægstad. Morfologisk variasjon i landsmålet før 1901*. Universitetet i Agder.
- Skard, M. (1901). *Landsmaals-ordlista med rettleiding um skrivemaaten*. Aschehoug.
- Skard, S. (1972). *Det levande ordet – ei bok om Matias Skard*. Det norske samlaget.
- Skard, V. (1979). *Norsk språkhistorie 4: 1884–1907*. 2. utg. Universitetsforlaget.
- SSJ 1 = Johnsen (2020)
- SSJ 2 = Johnsen (2021)
- SSJ 3 = Johnsen (2023)
- Torp, A. & Vikør, L. S. (1993) [4. utg. 2014]. *Hovuddrag i norsk språkhistorie*. Gyldendal Akademisk.
- Venås, K. (1992). *I Aasens fotefar. Marius Hægstad*. Novus.
- Vikør, L. S. (2003). Statleg og privat normering i nynorsk. I H. Omdal og R. Røsstad (Red.), *Krefter og motkrefter i språknormeringa. Om språknormer i teori og praksis*. Forskningsserien nr. 33, Høgskolen i Agder, s. 295–305.
- Vikør, L. S. (2021). Nynorskrettskrivinga frå 1901. Nokre uklare punkt. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 39, s. 295–319.
- Vinje, F.-E. (1978). *Et språk i utvikling. Noen hovedlinjer i norsk språkhistorie fra reformasjonen til våre dager*. 2. utg. Aschehoug.

Lars S. Vikør
Pensjonert professor
Universitetet i Oslo
l.s.vikor@iln.uio.no